

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 21.04.2008
Sakhandsamar: Kristine Enger
Saka gjeld: **Avrusingstilbodet i regionen innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling**

Arkivsak

2008/184/335

Styresak 050/08 O

Styremøte 07.05. 2008

Bakgrunn:

Styret bad under behandling av årleg melding for 2007 (sak 021/08 B) om ei orientering om avrusingstilbodet i regionen innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Styret vart uroa over den lange ventetida.

Det er naudsynt å skilja mellom to hovudtypar av avrusing – planlagt avrusing og akutt rusbehandling (akutt avrusing).

Avrusing innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling er planlagt avrusing i forkant av vidare poliklinisk behandling inkludert legemiddelassistert rehabilitering eller døgnbehandling. Denne avrusinga er i dag ei behandling der pasientane blir trappa ned frå dei medikamenta dei er avhengige av og/eller får symptomlindrande medikament. Det er individuelt kor lang tid behandlinga tar, men inntil 14 dagar er vanleg.

I tillegg vert pasientar lagt inn for akutt rusbehandling ved sjukehusa. Dette er pasientar som i hovudsak kjem inn som Ø-hjelp med rusmiddelforgifting og behov for akutt avrusing. Dei får vanlegvis behandling ved somatiske akuttmottak og medisinske intensivavdelingar.

Saka gjer greie for korleis avrusingstilbodet for planlagt avrusing er i dag og kva planer det er i dei ulike helseføretaka for vidare utvikling av dette avrusingstilbodet. I tillegg forklarar saka meir om akutt rusbehandling ved sjukehusa.

Kommentarar:

Avrusingstilbodet for planlagt avrusing

Det er 42 avrusingsplassar innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling i regionen, 33 av disse plassane er ved Stiftelsen Bergensklinikkene i Bergen og 9 er ved Rogaland A-senter i Stavanger. I tillegg har Helse Fonna HF nyleg oppretta to avrusingsplassar ved Haugesund Sjukehus.

Ved Stiftelsen Bergensklinikkene er det og to plassar for avrusing av pasientar lagt inn etter tvangsparagrafane (§ 6.2, §6.2a og §6.3) i sosialtenestelova.

Ventetider for planlagt avrusing

Forventa ventetid:

Stiftelsen Bergensklinikkene rapporterte ved utgangen av 2007 til Helse Vest RHF om ei forventa ventetid på 3 veker til avrusing for pasientar med rett til nødvendig helsehjelp. Ved Rogaland A-senter var den forventa ventetida på det same tidspunktet 10 veker for pasientar med rett til nødvendig helsehjelp.

Faktisk ventetid:

Ventelisterapportering til Norsk pasientregister (NPR) for tverrfagleg spesialisert rusbehandling starta opp i 2006, men det er framleis problem knytt til datakvaliteten. Av dei institusjonane som hadde registrert behandlingsnivå nasjonalt, var gjennomsnittleg ventetid for ordinært avvikla pasientar for avrusing 41 dagar for 3. tertial 2007. Enkelte institusjonar har registrert tilvisingar til akutt avrusing som planlagt behandling. Da ventetida til akutt avrusing er særskilt kort, trekkjer ei slik feilregistrering ned gjennomsnittleg ventetid for ordinært avvikla pasientar. Det betyr at den gjennomsnittlege ventetida for ordinært avvikla pasientar for avrusing i realiteten ligg noko høgare.

Rogaland A-senter rapporterar for 3. tertial 2007 til NPR ei ventetid på 47 dagar for ordinært avvikla pasientar.

Dei forventa ventetidene syner at avrusingskapasiteten i Bergen er klart betre samanlikna med Stavanger. Men tala frå NPR syner og at situasjonen i Stavanger truleg ikkje er vesentleg dårlegare enn mange andre stader i landet.

Tiltak og planer for planlagt avrusing i føretaka

Styret i Helse Vest vedtok ei regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling i juni 2006. Her er avrusing peika på som ei av dei tenestene som skal styrkast først. Helse Vest styrka i 2007 avrusingstilbodet ved Rogaland A-senter med ein plass.

Helse Førde HF har ikkje eige tiltak for avrusing eller anna døgnbehandling innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Ei viss avrusing skjer no i dei psykiatriske sengeavdelingane. Helse Førde har lenge planlagt ein post med døgnplassar til rusbehandling i tilknytning til Nordfjord sjukehus. Helse Førde arbeider no med å lage ein lokal plan for tverrfagleg spesialiserte tenester i helseføretaksområde. Planen skal vere klar innan sommaren.

Helse Bergen HF arbeider og med ein lokal plan som skal vere klar innan sommaren. Sjølv om avrusingskapasiteten i Bergen er den beste i regionen, ønskjer Helse Bergen ei styrking av dette tilbodet både fagleg og kapasitetsmessig.

Styret i Helse Fonna HF behandla "Plan for tverrfagleg spesialisert behandlingstilbod til rusavhengige i Helse Fonna" i styremøte 14. juni 2007. Dei planlegg og prioriterar høgt ei ny avrusing/akutt/utgreiingseining på sjukehuset i Haugesund med 12 sengeplassar. I påvente av denne har dei øyremerka 2 senger til avrusingsopphald ved psykiatrisk avdeling.

Styret i Helse Stavanger HF behandla 19. juni 2007 "Lokal plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling i Helse Stavanger sitt føretaksområde". I planen står det at det er behov for raskt å auke avrusingstilbodet i føretaksområdet frå 9 til 16 plassar. Dei tilrår at dette skjer ved Rogaland A-senter.

Akutt rusbehandling

I spesialisthelsetenesteloven er det nyleg innført ei plikt for dei regionale helseføretaka til å peike ut institusjonar eller avdelingar i institusjonar som plikter å ta imot pasientar med behov for akutt rusbehandling. Helse Vest har difor sendt ut brev til helseføretaka og Haraldsplass Diakonale Sjukehus, og bedt om ei tilbakemelding på kva einingar helseføretaket/sjukehuset meiner bør ha denne oppgåva.

Dette er ikkje snakk om ei heilt ny oppgåve. Det gjeld pasientar som allereie i dag ofte kjem inn som Ø-hjelp med rusmiddelforgifting og som har behov for akutt avrusing. Dei får vanlegvis behandling ved somatiske akuttmottak og medisinske intensivavdelingar. Pasientar med primært psykiatrisk symptomatologi (sjølvmoordsfare, stor forvirring) vert innlagde ved dei psykiatriske akuttmottaka. Ved å peike ut einingar for akutt rusbehandling blir ansvaret for å ta imot desse pasientane klart plassert.

Plikta til å gje akutt rusbehandling inneberer at pasienten skal takast imot straks dersom pasienten har eit akutt behov for helsehjelp for sine rusproblem og det ikkje vil vere forsvarleg å tilvise pasienten til dei ordinære prosedyrane for inntak. Dei ordinære prosedyrane for inntak er slik at lege eller sosialtenesta i kommunen, eller lege innan dei andre delane av spesialisthelsetenesta, tilvisar pasienten til ei vurderingseining innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Einingar med plikt til å gje akutt rusbehandling skal gje tilstrekkeleg helsehjelp til at det er forsvarleg å skrive pasienten ut eller å overføre pasienten til andre stader i spesialisthelsetenesta.

Forslag til vedtak:

Styret tar informasjonen om akutt rusbehandling og avrusingstilbodet i regionen innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling til orientering.